

Olje og Energidepartementet  
[postmottak@oed.dep.no](mailto:postmottak@oed.dep.no)

## Høringsfråsegn til strategisk konsekvensutgreiing havvind


Vindkraftforum Sogn og Fjordane er ein organisasjon med både offentlege og private medlemmar. Organisasjonen har i dag om lag 50 medlemmer, fleirtalet av dei er bedrifter som har interesser knytt til vindkraftnæringa i Sogn og Fjordane. Organisasjonen arbeider for vindkraftutbygging i og utanfor kysten av Sogn og Fjordane med størst mogeleg regional verdiskaping knytt til denne.

Det er svært positivt at det no er komen ein strategisk konsekvensutgreiing for havvind i Norge. Det er også positivt at det er identifisert tre område i Sogn og Fjordane som er eigna for utbygging av offshore vindkraft, Frøyagrunnene, Olderveggen og Stadhavet. Vi ønskjer ikkje å gå nærare inn på vurderingane av dei tre, men konstaterer at alle tre vil vere av interesse for realisering.

Vi vil i vår høringsfråsegn konsentrere oss om to faktorar som vi meiner det er altfor lite lagt vekt på i utgreiinga : Vindsystem og nærings- og teknologiutvikling.

1. **VINDSYSTEM:** I vurderinga av økonomi har ein i den strategiske konsekvensutgreiinga ikkje teke omsyn til vindsystema i Nordsjøen. Mellom anna gjennom utgreiingar frå Storm Geo og Kjeller Vindteknikk er det slått fast kysten utanfor Sogn og Fjordane høyrer til andre vindsystem enn området sør i Nordsjøen.

I dag er det store utbyggingsplanar for vindkraft både på land og i havet i Tyskland, Danmark, Nederland og Storbritannia. Det er fare for at desse



Figur 2 Årsmiddelvind i 80m høyde. Basert på 4km modellsimulering fra WRF.

vindparkane vil produsere samstundes og stå stille samstundes. Dette har alt ført til 0-prisar og til og med negative kraftprisar i dette området.

Norsk vindkraftutbygging i sørlege Nordsjøen vil kome i det same vindsystemet og vil dermed risikere tap på grunn av overproduksjon i periodar.

Etableringar utanfor Sogn og Fjordane og andre område lengre nord vil derimot gi kraftproduksjon i periodar der det er liten produksjon sør i Nordsjøen. Det vil gi høgare prisar inn på den europeiske marknaden, samstundes med at det saman med vasskrafta vil vere med på gi Europa tilgong på meir balansekraft enn utbygging sør i norsk del av Nordsjøen.

Etter vår vurdering bør utbygging av offshore vindkraft i Norge skje lenger nord langs kysten for å oppnå produksjon på tider då det er liten produksjon ved danske, tyske og britiske vindkraftanlegg.

2. **TEKNOLOGIUTVIKLING:** Den strategiske konsekvensutgreiinga er stort sett basert på eksisterande teknologi. Det betyr at dei ikkje har sett på kva slags prosjekt som kan vere med på utvikle norsk teknologi for offshore vind.

Områda i sør kan byggast ut på same vis som områda i Tyskland og Storbritannia med kjent teknologi og kjente metodar frå tysk og britisk sektor, og med dei utbyggjarane som er der. Det sporar ikkje til å utnytte norsk kunnskap om offshore olje- og gass verksemd til utvikling av ny teknologi innan vindkraft. Det har til no framstått som eit mål for regjeringa å få til.

Der Norge kan vidareutvikle og få nytte av sin maritime og offshore-kompetanse vil vere utbygginga av ein flytande vindpark ved Stadt. Difor meiner vi at ei utvikling av dette området bør prioriterast høgt.

Når det gjeld utvikling av teknologi knytt til flytande vindkraft ser Norge no ut til å bli passert av andre aktørar som til dømes Japan og USA. Det betyr at vi kan kome til å gå glipp av vår sjanse til å utnytte vår offshore-kompetanse til å skape ein ny industri innafor fornybar energi. Området rundt Stadt er også det området med den desidert største vindressursen i landet. Samstundes er dette eit område med rike petroleumsressursar og der det antakeleg vil bli naudsynt med ei fornying av infrastrukturen for denne næringa. Med referanse til det som har skjedd i oljesektoren er det all grunn til å anta at mykje av teknologiutviklinga skjer i nærleiken av der utbyggingane skjer.

Det er også viktig å ha i mente at på verdsbasis vil det bli naudsynt med storstilt utbygging av flytande vindkraft i område med store havdjup. Svært mange land med mangel på energi manglar grunne havområde slik vi har i sørlege Nordsjøen og vil difor vere avhengige av teknologi for flytande vindkraft for å utnytte djupe havområde. Det å utvikle teknologi for dette, vil difor gi Norge store marknadsfordeler i åra som kjem. Ein strategisk plan for utbygging av offshore vind i Norge bør difor ha hovudfokus på flytande installasjonar.

3. **NÆRINGSUTVIKLING:** Det er i rapporten nokre betraktningar om regionale positive næringspotensiale knytt til prosjekta. Dette er for lite vektlagt. I Sogn og Fjordane har vi maritime næringar som kan utvikle seg ved slike prosjekt. Dette gjeld fartøy til både installasjon og transport av utstyr og personell. Også i ein driftsfase vil det vere oppdrag for lokalt næringsliv. Kjem ein inn i ein tidleg fase av denne utviklinga i Norge vil det vere enklare å byggje vidare på gode næringsaktørar.

**Konklusjon:** Norge har få fordeler når det gjeld botnfast vindkraft på grunt vatn. Derimot vil vi kunne utvikle meir teknologi knytt til flytande installasjonar. Dette bør vere hovudfokus når ein skal tildele område for offshore vindkraft i Norge. Stadhavet er i denne samanhengen ein av dei mest interessante lokalitetane. Og den bør prioriterast i det vidare arbeidet.

Dale, 26. mars 2013

Vindkraftforum Sogn og Fjordane



Stein Arne Ottesen  
styreleiar